Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 11.07.2025
Vår ref: 2018/1974
Dykkar dato:
Dykkar ref: Frode Kupen

Havlandet Havbruk AS
Postboks 232
6901, Florø

Saksbehandlar, innvalstelefon
Åsmund Skancke Karlsnes, 57 64 31 22

Rapport etter tilsyn på lokaliteten Gaddholmen

Kontrollnummer: 2024.303.I.SFVL / 2024.329.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn den 04.09.2024 med Havlandet Marin Yngel Torsk AS (organisasjonsnummer: 925448761) og sitt landbaserte akvakulturanlegg på lokaliteten Gaddholmen I. Tilsynet omfatta også Havlandet Havbruk AS sine anlegg på lokaliteten Gaddholmen II og Gaddholmen III. I samsvar med det som vart avtalt med dykk på tilsynet, vert det skrive ein felles tilsynsrapport for all aktiviteten på Gaddholmen I, II og III, sendt til Havlandet Havbruk AS.

Ved ein feil frå vår side vart diverre ikkje rapporten sendt ut då den skulle, det beklager vi.

Rapporten har følgjande delar:
- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:
- Avvik 1: Verksemda bryt med vilkåra i utsleppsløyvet
- Avvik 2: Verksemda har mangelfull internkontroll som gjeld ytre miljø

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Havlandet Havbruk AS må snarast rette opp avvik. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding innan 15. september 2025, som viser korleis de har retta avvik, og eventuelt ein tidfesta handlingsplan for å rette det som står att.

De må betale gebyr

Havlandet Havbruk AS må betale eit gebyr på 40 400 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding frå dykk på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med saksnr. 2018/1974.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Verksemda bryt med vilkåra i utsleppsløyvet

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Løyve datert 15.07.2019:
  - 3 Utslepp til vatn
  - 11 Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen
  - 12 Miljøovervåking

Om krava

Verksemda skal dokumentere utsleppa til vatn. Før utslepp til resipienten skal avløpsvatnet frå produksjonen reinsast. Mengd avløpsvatn som blir sleppt til sjø skal målast eller bereknast. I tabell 3.1 i løyvet er det sett grenseverdiar for mengd utslepp, både som langtidsgrense (tonn/år) og spesifikt utslepp (kg/tonn fisk), for dei parametrane der løyvet har sett krav om målingar eller berekning. Det vil seie totalt nitrogen (TN), totalt fosfor (TP) og totalt organisk karbon (TOC). Berekningane skal vere baserte på fôrforbruk, biologisk produksjon av fisk og produsert slam.

3.1.1 Utslepp frå punktkjelder

Tabell 3-1: Grenseverdiar for utslepp av komponentar med krav om målingar eller berekningar, jf. punkt 11.2

Komponent	Utsleppsgrenser			Gjeld frå
	Korttidsgrense* Midlingstid: -	Langtidsgrense Midlingstid: 1 år	Spesifikt utslepp** Midlingstid: 1 år	
Total nitrogen (tot-N)	ikkje grense	288 tonn/år	28,8 kg/tonn fisk	23.05.2019
Total fosfor (tot-P)	ikkje grense	12 tonn/år	1,2 kg/tonn fisk	23.05.2019
Totalt suspendert stoff (SS)	ikkje grense	283 tonn/år	28,3 kg/tonn fisk	23.05.2019
Totalt organisk karbon (TOC)	Ikkje grense	***	***	

* Utslepp per dag, ** Utslepp per tonn produsert biomasse, *** For TOC er det førebels ikkje sett konkrete utsleppsgrenser, dette vil komme ved ein seinare revisjon av løyvet.

3.1.3.1 Reinseanlegg

Tabell 3-2: Reinsekrav for avløp.

Måleparameter	Reinsekrav	Midlingstid	Gjeld frå
Total nitrogen (tot-N)	24 % reduksjon	1 år	23.05.2019
Total fosfor (tot-P)	80 % reduksjon	1 år	23.05.2019
Totalt suspendert stoff (SS)	90 % reduksjon	1 år	23.05.2019
Totalt organisk karbon (TOC)	***		

*** For TOC er det førebels ikkje sett konkret reinsekrav, dette vil komme ved ein seinare revisjon av løyvet.

I vilkår 11 er det sett krav om at verksemda skal kartlegge alle utsleppa sine. Det skal utarbeidast eit dokumentert måleprogram for å sikre at det blir teke prøvar som er representative for verksemda sine aktivitetar og utslepp, at prøvane blir tekne etter ein gitt frekvens basert på produksjonssyklusane og at analysane og resultata er kvalitetssikra og utførte av akkreditert laboratorium. Målingar og utrekningar skal gi eit representativ oversyn over utsleppa, og utrekningar skal vere basert på fôrforbruk, biologisk produksjon av fisk og produksjon av slam, samt analysar av innhaldet i slammet. Måleprogrammet skal inngå i den dokumenterte internkontrollen og skal gjere greie for kartlagde utslepp.

Verksemda skal rapportere produksjons- og utsleppsdata for det aktuelle utsleppssåret til Statsforvaltaren innan 1. mars året etter, jf. vilkår 11.5.

Det er sett krav i løyvet om å oppretthalde ein akseptabel tilstand i miljøet i resipienten for utsleppa, og å dokumentere dette gjennom jamleg overvaking. Overvaking av effekten av utsleppa skal følgje eit overvakingsprogram som skal sendes til Statsforvaltaren for vurdering.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda bryt dei spesifikke utsleppsgrensene og reinsekrava som er sett i løyvet. Det er førebels låg produksjon ved anlegget, og verksemda held seg innanfor utsleppsgrensene for totale utsleppsmengder (tonn/år).

- For dei spesifikke utsleppa (kg per tonn produsert fisk) var det store overskridingar for både nitrogen og fosfor i 2022. Dei spesifikke utsleppa frå anlegget var også mykje høgare enn tala som er rapportert inn frå anlegg som produserer laksefisk. Sjå også meir om dette i punktet *Utsleppsløyvet* i del 4 av denne rapporten.

- Verksemda hadde ikkje samla opp slam i 2022. Verksemda har dermed heller ikkje fått utført målingar av og rapportert innhaldet i slam.

- Verksemda har ikkje levert årsrapport for 2023.

- Verksemda har ikkje sendt inn overvakingsprogram til vurdering hos Statsforvaltaren.

Avvik 2: Verksemda har mangelfull internkontroll som gjeld ytre miljø

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7
- Løyve datert 15.07.2019:
    - 2.7 Internkontroll

Om krava

Verksemda skal ha en internkontroll som mellom anna sikrar og dokumenterer at verksemda held krava i løyvet og andre relevante regelverk for ytre miljø. Internkontrollforskrifta gir reglar om kva det systematiske HMS-arbeidet hos verksemda skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg. Internkontrollen skal vere tilpassa verksemda sin art, aktivitetar, risikoforhold og storleik. Internkontrollen skal dokumenterast i den form og det omfanget som er nødvendig. I tråd med internkontrollforskrifta § 5 punkt 7, skal verksemda iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav fastsett i, eller i medhald av, helse- , miljø- og tryggleikslovgivinga.

Kravet til internkontroll knytt til ytre miljø kjem også fram av punk 2.7 i utsleppsløyve, kor det blir presisert at internkontrollen skal sikre at m.a. krava i løyvet vert haldne, og at verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

- Verksemda har ikkje gode nok rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje at krav etter miljølovgivinga ikkje vert etterlevd. Krav i utsleppsløyvet er ikkje stetta, sjå avvik 1, og desse forholda er ikkje fanga opp av verksemda sitt avvikssystem eller andre internkontrolltiltak.

- På tilsynstidspunktet hadde verksemda ikkje ein heilskapleg skriftleg rutine med måleprogram / omtale av utsleppskontrollen som utsleppsløyvet krev, i internkontrolldokumentasjonen.

- Det var heller ikkje ein skriftleg rutine for overvakinga av miljøtilstanden i resipienten.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Havlandet Havbruk AS må betale eit gebyr på 40 400 kr for tilsynet. Dette svarer til sats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er fastsett på bakgrunn av vår ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

I samsvar med det som vart varsla/avtalt på tilsynet, vert det kravd eitt kontrollgebyr for alle lokalitetane til saman, og heile kontrollgebyret vert fakturert til eitt selskap.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr som vart gitt

på tilsynet, og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av Havlandet Havbruk AS sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er del av ein nasjonal tilsynsaksjon med landbaserte akvakulturanlegg og er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Åsmund Skancke Karlsnes
- Gunn Helen Henne

Kontaktperson hos verksemda:

- Frode Kupen

Anlegg

Utsleppstilhøva ved alle oppdrettslokalitetane på Gaddholmen vart kontrollerte under dette tilsynet. Det omfattar følgjande anlegg og ansvarlege:

- Lok.nr 39677 Gaddholmen I – Havlandet Marin Yngel Torsk AS (vår ref. 4602.0157.03)
- Lok.nr 39678 Gaddholmen II – Havlandet Havbruk AS (vår ref. 4602.0158.04)
- Lok.nr 45133 Gaddholmen III – Havlandet Havbruk AS (vår ref. 4602.0264.01)

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- Utsleppskontroll for utslepp til vatn
- Reinseanlegg
- Internkontroll
- Slamhandtering
- Miljøovervaking

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) og tilhøyrande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)
- Anlegget sitt løyve etter forureiningslova, datert 23.05.2019 og endra 15.07.2019 (utsleppsløyvet)

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Årsrapportering til Statsforvaltaren om utslepp til vatn frå 2022
- Internkontrolldokumentasjon

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Utsleppsløyvet

Det er viktig at forventningar til effekten av reinsetiltak er realistiske, og at utsleppsløyva har utsleppsgrenser på rett nivå samanlikna med påreknelege utslepp til miljøet. Produksjonen på Gaddholmen er marin fisk. Utsleppsgrensene som er sett i løyvet er basert på erfaringstal frå produksjon av laks. Innhaldet i og konsistens til utsleppet frå produksjonen av marin fisk er noko annleis enn for laks. Dagens utslepp stemmer ikkje overeins med det som låg til grunn for utsleppsgrensene som vart fastsette i løyvet. Verksemda må søke om å få endra utsleppsgrensene som er i tråd med dei faktiske utsleppa. Vi presiserer at det er det enkelte anlegg sitt ansvar å søke om endring av løyvet, dersom dei ikkje kan innfri dei krava som er sette i løyvet.

Verksemda har i etterkant av tilsynet søkt om endring i løyve. Dette vert følgt opp som eiga sak.

Informasjon om miljøtilstanden i vassførekomsten

Overvakingsprogram i Florø:

Som informert om på tilsynet koordinerer Statsforvaltaren overvakingsprogram på heile kysten av Vestland. Eit av prøvetakingspunkta ligg i Botnafjorden kor me overvaker næringssalt og klorofyll i overflatelaga og oksygen i profil til botn (hydrografi). Denne stasjonen har vore overvaka i 3 år og skal bli med i minst 3 år til. Grunnen til dette er at det overvaka området i Botnafjorden er resipient for både pågåande og planlagd auka næringssaltutslepp, som det er viktig å følgje med på i tida framover. Kostnaden av prøvetakinga vil delast på dei med utslepp av næringsstoff til fjorden og Statsforvaltaren. De vil få brev frå oss i løpet av hausten angåande denne prøvetakinga.

- Overvakingsprogrammet og årsrapportane for Florø ligg i høgre marg her: Overvaking av miljøtilhøva i kystvatn | Statsforvaltaren i Vestland

Vann-nett, faktaark:

- Botnafjorden (0281010900-1-C): Vann-Nett | Miljøtilstand på vannforekomster i Norge
- Florevika Gaddevågen (0281010900-2-C): Vann-Nett | Miljøtilstand på vannforekomster i Norge

Vannmiljø: Vannmiljø, fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vatn.

Informasjon om krav for slakteri
Forureining frå fiskeforedlingsverksemder er regulert av forureiningsforskrifta kapittel 26.

Verksemder som foredlar fisk, skjell, blautdyr og skalldyr skal i god tid før oppstart eller endring sende melding til Statsforvaltaren. Meldinga skal sendast på standard skjema som ligg på nettsida til Statsforvaltaren i Vestland. De finn det her: Meldeskjema for fiskeforedlingsverksemder | Statsforvaltaren i Vestland.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på einnsyn.no, i tråd med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

- Kinn Kommune